



ÅRSMELDING

2022

Interkommunal samhandlingskoordinator

TAKK FOR I ÅR!

Elin-Therese Sjørbotten

Innholdsfortegnelse

1.0 Innleing	2
2.0 Arbeidsoppgåver 2022	2
2.1 Pandemien.....	2
2.2 Helsefellesskap	2
2.2.1 Strategi	3
2.2.2 Handlingsplan	4
2.2.3 Avtaleutvalet	4
2.2.4 Innspel frå Sogn og Fjordane helsefellesskap til ny nasjonal helse og samhandlingsplan.....	5
2.3 Sekretariatsmidlar	5
3.0 Faste arbeidsoppgåver og møteplassar	6
3.1 Faste arbeidsoppgåver og samarbeidsforum.....	6
4.0 Prosjekt og utviklingsarbeid gjennom 2022	8
4.1 Kommunane strategiske forskingsorgan Vest.....	8
Bakgrunn	8
Føremål for Kommunenes Strategiske Forskingsorgan Vest	8
Lokalt arbeid i Sogn og Fjordane	8
Vegen vidare:.....	9
4.2 Læringsnettverk for gode pasientforløp	10
Forankring av arbeidet.....	10
Teama	10
Fjerde samling	11
Midlar frå statsforvaltaren	11
4.3 Rettleiar for samarbeidsavtalar.....	12
5.0 Konferansar 2022	13
5.1 Samhandlingskonferansen	13
5.2 Erfaringskonferansen for psykisk helse og rus tenester	13
6.0 Avsluttande ord, og vidare arbeid 2023	14

1.0 Innleiing

Samhandlingskoordinatorstillinga vart oppretta hausten 2018, som eit interkommunalt samarbeid mellom 23 kommunar i Sogn og Fjordane. Målet med stillinga var ei samla røyst i samhandlingssaker inn mot Helse Førde.

«Stillinga som samhandlingskoordinator vil være kommunane i fylket sitt felles talerøyr i høve Helse Førde når det gjeld samhandling, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå»

Vedtak frå rådmannsutvalet

- Koordinere oppnemningar og deltaking i arbeid - Helse Førde
- Sekretær for helse- og omsorgsutvalet
- Ressursperson for KS i saker relatert til helse og omsorg
- Koordinere høyringsuttalar på vegne av kommunane
- Oppfylle kommunane sine forpliktingar kring saksførebuing og tilrettelegging i felles råd, utval og fora
- Samarbeide med fagnettverka i regionane
- Ut over dette må personen få høve til å forme sine eigne satsingsområder og strategiar i høve å koordinere opplæringstiltak, fagutvikling og samhandlingsprosjekt.

Alle dei 17 kommunane i regionen Sogn og Fjordane er no deltakande i det interkommunale samarbeidet om stillinga. Årsmeldinga skisserer kort dei viktigaste sakene som er jobba med siste året.

2.0 Arbeidsoppgåver 2022

2.1 Pandemien

2022 bar fortsatt preg av pandemien, det var fortsatt restriksjonar og kommunane brukte mykje tid og ressursar på vaksinerings. Gjennom året bleikna krisa rundt pandemien, men den vart raskt avløyrt av krigen i Ukraina med dei utfordringar kring beredskap dette bar med seg.

Eg vert til ei kvar tid minna på kompleksiteten i drifta av kommunane, og er imponert og stolt over å være arbeidstakar i alle dei kommunane som er i regionen Sogn og Fjordane.


På statsforvaltaren si samling kring beredskap desember 22, vart det påpeika at evaluering av arbeidet etter pandemien vart ei viktig oppgåve for kommunane. Det vil nok komme tilsyn frå statsforvaltaren på dette. Evaluering av samarbeidet mellom Helse Førde og kommunane er også ei oppgåve helsefellesskapet burde sett på og gjennomført, det er truleg mykje godt arbeid ein kan ta med seg vidare dersom liknande situasjon skulle oppstå på ny.

2.2 Helsefellesskap

Nasjonal helse og sjukehusplan 2020-2023 skisserte oppretting av 19 nye helsefellesskap som eit av dei store samhandlingstiltaka. KS og regjeringa inngjekk ei avtale om innføringa av desse for å skape ei meir samhengane helse og omsorgsteneste.

Planlegging og utforming av Sogn og Fjordane helsefellesskap har vore jobba med gjennom fleire år. [Overordna samarbeidsavtale](#) vart vedteken og signert frå alle kommunane medio 2021 og ny helsefellesskapsstruktur kom i virke frå 01 januar 2022.

Strukturen ser slik ut og er forankra i overordna samarbeidsavtale:



Gjennom 2022 har helsefellesskapet etablert seg, og jobba framtidsretta med å bygge strukturane og felles plattform for arbeidet vidare. Noko av det som er jobba fram vil eg vise til her i dette kapitlet, dersom de ynskjer sjå kva som elles har vore saker i helsefellesskapet så kan de nytte dykk av lenkjene til dei ulike forum lengre nede i årsmeldinga.

2.2.1 Strategi

Eit av dei nye lovpunkta i helse og omsorgstenestelova legg føringar for at helseføretak og kommunar skal utvikle og planlegge tenestene saman. Frå 2022 er det difor ei lovfesta plikt å planlegge saman.

Dette er utfordrande av fleire grunnar, kommunane er mange, planprosessane for stat og kommune er på ulike tidspunkt og styringslinja til helseføretaket står sterkt.

For at vi skal være likeverdige partnarar i dette arbeidet, og lukkast med felles planlegging av tenestene så krev det samordning også på tvers av kommunegrensar. Dette krev god forankring hos kvarandre, og einigheit om at nokre kan representere fleire i møtet med helseføretak. KS sin struktur og møteplassar er og vil være viktige i dette arbeidet framover. Sakene må drøftast gjennom nettverka slik at ein skapar konsensus rundt saker som angår alle kommunane, i møtet med helseføretak.

Dei lokale utfordringane må uavhengig av dette stå i fokus, og for å starte arbeidet har strategisk samarbeidsutval jobba ut ein strategi som peikar på retninga og dei overordna linjene og satsingsområda for samarbeidet mellom kommunane og Helse Førde dei neste fire åra.

Strategien finn de her: [Strategi Sogn og Fjordane helsefellesskap](#)

2.2.2 Handlingsplan

Strategien peikar på retning og satsingsområde for Sogn og Fjordane helsefellesskap, men for å konkretisere såg ein det naudsynt å lage ein handlingsplan av kortare tidsrom for å sikre at vi når målsettingane.

Handlingsplanen er utarbeidd av fagleg samarbeidsutval (FSU) og peikar på konkrete handlingar som skal syte føre at felles arbeid vert prioritert og utført. Handlingsplanen vil gjelde for to år av gongen, og vil være eit dynamisk dokument som endrar seg etter behov.

Hovudfokus i handlingsplanen er oppretting av fag/arbeidsgrupper innanføre dei fire prioriterte pasientgruppene. Det vil utarbeidast mandat for desse gruppene som legg føringar på kva oppdrag dei skal løyse. FSU vil utarbeide desse mandata våren 2023.

Handlingsplanen finn de her: [Handlingsplan Sogn og Fjordane helsefellesskap](#)

2.2.3 Avtaleutvalet

Revisjon av avtaleverket

Helse Førde og kommunane har eit avtaleverk på totalt 19 delavtalar i tillegg til overordna samarbeidsavtale, særavtalar og andre samarbeidsavtalar.

Det er no naudsynt med ein større gjennomgang og revisjon. Avtaleverket skal forenklast, konkretiserast og digitaliserast.

Det vart difor nedsett eit nytt avtaleutval bestående av medlemmar frå kommunane og Helse Førde.

Følgande personar er medlemmar av avtaleutvalet:

Frå kommunane	Frå Helse Førde
Elin Sørbotten, Interkommunal samhandlingskoordinator	Dagrun Kyrkjebø, Samhandlingssjef
Kristine Longfellow, Kommuneoverlege Høyanger kommune	Trine Vingsnes, Klinikkdirtør medisinsk klinikk
Gunn Lerøy, Kommunedirektør Lærdal kommune	Asle Kjørlaug, Fagdirektør Helse Førde
Heidi Vederhus, Kommunalsjef Stryn kommune	Vidar Øvrebø, Stadleg leiar Lærdal sjukehus
Anne Marte Sølsnes, sekretariat for kommunane	

Avtaleutvalet har hatt fleire møter gjennom 2022. Arbeidet starta med å sjå på framtidig struktur og vurdere kva avtalar som hastar mest at man får oppnemnt arbeidsgrupper til å revidere. Det vil være viktig at det er oppnemnt riktig fagkompetanse frå både kommunane og Helse Førde som gjere revisjonen av dei fagspesifikke avtalane. Oppnemning vil bli gjort gjennom etablerte møteforum i kommunane, kommunedirektørutval, helse og omsorgsutval og nettverk for kommuneoverlegar.

Målsettinga er å ha på plass eit nytt og revidert avtaleverk i løpet av 2023.

Implementeringa av avtaleverket vil være den viktigaste jobben, og eg håpar at kommunane og sjukehuset gjer ein jobb internt med å implementere avtalane undervegs. Etter ynskje frå Helse og

omsorgsutvalet vil det bli utarbeidd presentasjonar som kan nyttast til internundervisning i tenestene frå sekretariatet som kan nyttast i kommunane når avtalane er klar til iverksetting.

2.2.4 Innspel frå Sogn og Fjordane helsefellesskap til ny nasjonal helse og samhandlingsplan
Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) oppfordra helseføretak og kommunar til å sende inn felles innspel til nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-2027, via helsefellesskapet. HOD ynskte å få informasjon om status i arbeidet i helsefellesskapa, kva utfordringar ein ser, og korleis regionale aktørar og nasjonale myndigheiter kan støtte opp om arbeidet med å skape ei meir samanhengande helse- og omsorgsteneste.

Sogn og fjordane helsefellesskap sende i mars 2022 felles innspelsnotat til HOD, det finn innspelet: [HER](#)

2.3 Sekretariatsmidlar

Det har vore utlyst prosjektmidlar til sekretariatsfunksjonane for kommunane i helsefellesskapet. Sunnfjord kommune som vertskommune for samhandlingskoordinatorstillinga søkte på vegne av kommunane og fekk tildelt totalt 250 000,- for 2020 og 500 000,- for 2021 og 500 000,- for 2022. Midlane er i samråd med kommunedirektørutvalet og Helse- og omsorgsutvalet sett på fond for å nyttast til honorering av deltaking i ulikt prosjektarbeid i Sogn og Fjordane helsefellesskap, men skal også nyttast til tiltak som bidreg til at kommunane vert likeverdige partnarar i samarbeidet. Dette vil være å sikre kommunal involvering og eventuelt frikjøp av ressursar, arrangere møteplassar og anna felles utviklingsarbeid på tvers av kommunane i helsefellesskapet. Kommunane opprettheld difor grunnfinansieringa til samhandlingskoordinator. Midlane er utlyst som prosjektmidlar og vil felle vekk, noko som også er med på å understøtte at grunnfinansiering av stillinga bør bestå.

Samhandlingskoordinator rapportera direkte til helse og omsorgsutvalet om bruken av midlane.

- Gjennom 2022 har det vore nytta midlar til å dekke dagpakkar for kommunalt tilsette på erfaringskonferanse for psykisk helse og rus tenester. Det har også vore nytta midlar til å dekke ulike møteforum i helsefellesskapet og på tvers av kommunane.

3.0 Faste arbeidsoppgåver og møteplassar

Partnerskapsmøte, Samhandlingskoordinator deltek og organiserer møtet saman med KS og Helse Førde.

Strategisk samarbeidsutval, Samhandlingskoordinator er fast medlem, saksutgreiar og organiserer møta saman med KS og Helse Førde. [Referat SSU 2022](#)

Fagleg samarbeidsutval, Samhandlingskoordinator er fast medlem, saksutgreiar på vegne av kommunane og organiserer møta saman med Helse Førde. [Referat 2022](#)

Felles brukarutval, Samhandlingskoordinator er kommunane sin representant inn i dette utvalet.

Praksiskonsulentane, fast møte med praksiskonsulentane kvar månad eller ved behov.

Erfaringskonferansar, vert arrangert kvart andre år. I 2022 vart første erfaringskonferanse for psykisk helse og rus tenester gjennomført, på sikt er det ikkje tenkt å differensiere på somatisk avdelingar og tenester til psykisk helse og rus men heller arrangere felles konferansar.

Samhandlingskonferansen årleg konferanse mellom politisk og overordna administrativ leiing i kommunane og Helse Førde.

KS-Helse og omsorgsutvalet, deltek i planlegging, saksførebuing, sekretariat og organisering av helse og omsorgsutvalet. Helse og omsorgsutvalet har fem møter pr år og er det utvalet som peikar på særlege satsingsområder og prioriterte arbeidsoppgåver for Samhandlingskoordinator. Marit Reppen, kommunalsjef i Sogndal kommune er leiar av utvalet.

KS-Kommunedirektørutvalet, deltek i møte med det lokale KDU i Sogn og Fjordane der det er behov for det. Dette utvalet vart sett ned under pandemien for å ha eit felles overordna administrativt utval ved behov for raske avklaringar på tvers av kommunar. I 2022 har dette utvalet vore samla ein gong. Terje Heggheim, kommunedirektør Sunnfjord kommune er leiar av utvalet.

Kommuneoverlegenettverket, deltek i planlegging, saksførebuing, sekretariat og organisering av kommuneoverlegenettverket i Sogn og Fjordane. Nettverket har fire møter pr år. Kjell Arne Norgård, kommuneoverlege i Kinn kommune er leiar av utvalet.

3.1 Faste arbeidsoppgåver og samarbeidsforum

Arbeidsgruppe rundt samhandlingsavvik: Det er nedsett ei arbeidsgruppe på tvers av kommune og spesialisthelseteneste. Arbeidsgruppa arranger regionale dags-samlingar for samhandlingsavvik og lagar rutinar og retningslinjer for arbeidet. Samhandlingskoordinator deltek i, og er referent for arbeidet.

LIS1 samarbeidet: To gonger kvart år skal LIS1 ut i distriktsteneste. Dette arbeidet vert koordinert av samhandlingskoordinator. Tildeling av tenestestad vert gjort saman med andre kommunale representantar, og deretter samordna med Helse Førde, statsforvaltaren og kommunane.

KS: Tett dagleg samarbeid med KS lokalt. Samhandlingskoordinator deltek i faste møtepunkt med helse og velferdsavdelinga (HEV). Dette gjev god oversikt over statlege føringar, og moglegheit for påverknad i helse og velferdssaker for kommunane i Sogn og Fjordane.

Samarbeid med utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT): Det er tett samarbeid mellom USHT og samhandlingskoordinator i lokalt utviklingsarbeid. Vi deltek på kvarandre sine møteplassar mellom anna fagnettverk i eldremedisin, fagnettverk for ressursjukepleiarar, læringsnettverk gode pasientforløp og elles andre fagdagar.

Samarbeidsråd HVL: Observatør frå kommunane i Helse Førde sitt nedslagsfelt i Samarbeidsrådet. Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Helse Førde (HFD) har ein gjensidig, forpliktande avtale om samarbeid om utdanning, forskning og innovasjon.

For å ivareta og vidareutvikle dette samarbeidet, er det etablert eit Samarbeidsråd som har jamlege møte, der kommunane har to observatørar som deltek.

Nasjonal nettverk for helsefellesskap: Helsedirektoratet har fått i oppdrag å sikre eit nasjonal nettverk for helsefellesskapa. Dette nettverket tek sikte på å dele erfaringar på tvers av dei 19 helsefellesskapa i Noreg. Frå Sogn og Fjordane helsefellesskap deltek eg som samhandlingskoordinator saman med samhandlingssjef i Helse Førde. I 2022 har det vore fleire digitale møter men også eit fysisk møte som vart arrangert i Bodø november 2022. De finn informasjon frå nettverket: [HER](#)

KS nettverk for helsefellesskap/faggruppe helsefellesskap: KS har også laga ei ressursgruppe for helsefellesskap for å sikre at tilbakemeldingar som må løftast sentralt vert tatt gjennom helse og velferdsavdelinga, og teke vidare i møte med departement og direktorat. Som samhandlingskoordinator har eg tett samarbeid med KS, og deltek i desse møta og har der høve til å løfte problemstillingar og utfordringar frå oss lokalt.

4.0 Prosjekt og utviklingsarbeid gjennom 2022

4.1 Kommunane strategiske forskingsorgan Vest

Bakgrunn

HelseOmsorg21-strategien frå HOD peika våren 2013 på behovet for ein meir målretta, heilheitleg og koordinert nasjonal innsats for forskning, utvikling og innovasjon innanfor helse og omsorg for å oppnå meir kunnskapsbaserte helse- og omsorgstenester. HOD oppnemnte i 2015 HelseOmsorg21-rådet som peika på at dagens helseforskningsinnsats i liten grad er retta mot kommunane, og står dermed ikkje i forhold til utfordringane og dei store offentlege ressursane som vert brukt i kommunen. Eit Kunnskapsløft for kommunane er eit av ti breie satsingsområde og eit av fem hovudprioriteringar i HelseOmsorg21-strategien frå 2014.

Rådet føreslo å opprette eit nasjonalt strategisk, rådgjevande organ for forskning og utvikling i helse- og omsorgstenestene i kommunane, bredt representert og med forskingsfagleg kompetanse. Organet skal ivareta nasjonale strategiar for forskning og utvikling, motverke fragmentering og overlapp mellom regionar, og koordinere norske og internasjonale forskingsbehov. HO21-rådet anbefalte, på bakgrunn av dette, at KS oppretta et slikt organ. <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/helsetjenester/ksf/kommunenes-strategiske-forskningsorgan-ksf/>

Føremål for Kommunenes Strategiske Forskningsorgan Vest

KSF Vest er ein pilot med mål om å prøve ut ein modell for samarbeidsløysingar i regionen som vil styrke kommunane si rolle som bestillar av, og stimulere til meir forskning i og med kommunane. KSF Vest dekkjer region Vest (Vestland og Rogaland) som består av 66 små og store kommunar. Det er ein region med store lokale forskjellar både i infrastruktur, nærleik til forskingsmiljø, innbyggjartal og ressursar. Det er difor viktig at heile regionen har eigarskap og forplikingar til samarbeidet i KSF Vest.

Føremålet for KSF Vest er å etablere ein nettverksarena og samarbeidsstruktur mellom kommunar og UH-sektor som støttar dei tenestene kommunane leverer og styrkar infrastrukturen for forskning som er relevant for alle kommunane i regionen. Vi skal jobbe for å få meir forskning i, for, og med kommunane – på den enkelte kommunens premisser. Prosjektet vert leia frå Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest, med Bergen som motorkommune. KS har finansiert KSF Vest med ein prosjektkoordinatorstilling. Oppstartmøte for kommunane i det regionale samarbeidsorganet var i desember 2020, oppstart med alle aktørar er planlagt i starten av 2022. Piloten er foreløpig finansiert ut 2022 (*Tekst er henta frå mandat, KSF Vest*).

Lokalt arbeid i Sogn og Fjordane

Samarbeidet kring KSF Vest har vore i gang i to år. For Sogn og Fjordane vedtok Helse- og omsorgsutvalet (HOU) at dei sjølve skulle vere «kommuneklynga» i vårt område. Bakgrunnen for dette handla om at den beste måten å implementere dette på var å nytte eksisterande samhandlingsstruktur for kommunane. Interkommunal samhandlingskoordinator fekk i oppdrag å sitte som HOU sin representant inn i pilotprosjektet og sikra dialogen mellom partnarane. Arbeidet vart også forankra i kommunedirektørutvalet undervegs i prosessen. Helse- og omsorgsutvalet ser nytten av å være kopla til eit regionalt samarbeid, for å kunne spele meir aktivt på dei større kompetansemiljøa i vest. Samtidig ser ein tydeleg behov for eit tettare samarbeid lokalt med dei aktørane ein har i Sogn og Fjordane.

Det har gjennom 2022 vore jobba med å sjå på vegen vidare for dette samarbeidet. I samråd med kommunane vart det vedteke å søke skjønnsmidlar frå statsforvaltaren til ei interkommunal stilling som kan være pådrivar for det vidare arbeidet. Målet med søknaden er å vidareutvikle klynga i Sogn og Fjordane ved å tilsette ein person som har dette som arbeidsoppgåve, samstundes som ein tek vare på ideen om å halde det så driftsnært som mogleg og spele på eksisterande samhandlingsstrukturar. Prosjektstillinga blir lagt til Sunnfjord kommune i direkte samanheng med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT), Helseforskning Sogn og Fjordane, Helse Førde, KS og Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Utfordringsbilete for kommunane samla sett er, som for mange andre, fleire eldre, strammare økonomi og ei stadig oppgåveforskyving til kommunal sektor. Det er ei folketalsutvikling som stadig går nedover og tal yrkesaktive pr pensjonist i 2040 for Sogn og Fjordane vil ha ein nedgang frå 3,4 i dag, til 2,2. Dette utløyser behov for å bygge ein god infrastruktur for kunnskapssystem og forskning i ein modell som kan fungere lokalt i Sogn og Fjordane.

Overordna målsetting for ei interkommunal stilling kring forskning: Vidareutvikle eit kunnskapssystem for kommunane i Sogn og Fjordane basert på tankegangen til KSF rapporten¹.

Effekt mål:

1. Vere rådgjevande for kommunane i saker som gjeld utdanning, forskning og innovasjon
2. Spele inn overordna prinsipielle saker til behandling i KSF Vest, og KSF nasjonalt
3. Bidra til og styrke kommunane sin kompetanse i forskning
4. Spele inn behov for kunnskapsoppssummeringar til KSF Vest på vegne av kommunane i klyngesamarbeidet

Delmål

- Opprette FOU-nettverk for kommunane
- Drive kunnskapsformidling
- Samarbeide med og drive nettverksbygging med kompetansemiljøa i vårt område
- Finne og peike på kunnskapshol felles for tenestene og søke svar og ny kunnskap gjennom etablerte kompetansemiljø

Vegen vidare:

Undervegs i prosjektet vil ei viktig oppgåve vere å sjå på korleis ein kan tenkje ei vidare drift at samarbeidet. Samarbeid med KS for forankring og støtte for ei vidareføring i kommunane blir her viktig.

Det bør også sjåast på moglegheita for å sikre eit meir forpliktande samarbeid med HVL, Sogn og Fjordane helseforskning og helsefellesskapet i Sogn og Fjordane. KSF rapporten syner døme på ulike finansieringsordningar for slike samarbeid som ein kan sjå til. Samarbeidet kring interkommunal samhandlingskoordinator vil også være mogleg å sjå til for å finne gode løysingar for vidare finansiering av slike interkommunale samarbeid.

Søknaden om midlar frå statsforvaltaren er ikkje ferdig behandla hos statsforvaltaren pr 01.02.23.

¹ ["Sluttrapport februar 2019 til HelseOmsorg21-rådet"](#)

4.2 Læringsnettverk for gode pasientforløp

Ein har no jobba med læringsnettverk i Sogn og Fjordane sidan 2019, forankringsarbeidet tok tid, men var heilt naudsynt for å sikre at utviklingsarbeidet også vert halde tak i når læringsnettverket er over.

Læringsnettverket har sett søkelys på viktige forbetningsområde både internt i den enkelte organisasjon/kommune, men det synleggjer også kva område Helse Førde og kommunane må arbeide saman om for å sikre dei gode pasientforløpa på tvers av organisasjonane. Dette må helsefelleskapet arbeide vidare med, også når læringsnettverket er over. Arbeidet som kommunane og Helse Førde har samarbeidd om over mange år har fått nytt fokus. Det er mange av dei same utfordringane i dag, som det har vore heile vegen. Erfaringskonferansar og tidlegare prosjekt peikar på dei same utfordringar som kommunar og sjukehus no arbeider vidare med. Det syner at forbetningsarbeid krev fokus også utover ein periode, og må haldast tak i kontinuerleg. Det som skil læringsnettverket frå tidlegare forbetningsarbeid, er at no held deltakarane fokus på kva skal endre i eigen organisasjon for å sikre heilheitlege pasientforløp. I staden for å sjå på kva den andre parten må endre for at vi skal lukkast. Dette gjev meg trua på at det er mogleg å skape endring og utvikling rundt dei problemstillingane vi saman står ovanfor.

Forankring av arbeidet

I vårt område har ingen kommunar deltatt i dette læringsnettverket tidlegare, og det var i 2019-2020 jobba for sterk forankring kring felles deltaking inn i læringsnettverket. Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT) deltek og er med-arrangør i arbeidet, og vil følgje opp teama gjennom rettleiing og faglege samlingar etter at læringsnettverket er slutt.

Saka har vore drøfta i våre samarbeidsforum, fag og koordineringsråd i tillegg til at det har vore på agendaen i både helse og omsorgsutval og kommunedirektørutval. I august 2020 fekk ein samla tilbakemelding frå alle kommunalsjefar om at dette er eit læringsnettverk kommunane ser behov for og ynskjer å prioritere i samarbeid med Helse Førde framover.

Teama

Totalt har 16 team fordelt på 13 kommunar og Helse Førde delteke. Samansetning av team er ulik frå kommune til kommune, men samansetninga er fordelt både tverrfagleg og tverrsektorielt for å sikre forløpstankegangen.

Kommunar som deltek med team er, Kinn kommune, Sunnfjord kommune, Bremanger kommune, Fjaler kommune, Stad kommune, Aurland kommune, Lærdal kommune, Askvoll kommune, Sogndal kommune, Vik kommune, Hyllestad kommune, Stryn kommune og Luster kommune.

Helse Førde har meldt på tre team eit frå Nevrologisk avdeling, medisinsk klinikk og eit frå samhandling og tverrprofesjonelle tenester.

Gode pasientforløp har i 2022 hatt ei fysisk samling i Loen. Dette er siste samling arrangert av KS og FHI, medan for kommunane i vårt område så har utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester halde ei ekstra fysisk samling og vil fortsette å følgje teama i arbeidet vidare etter at læringsnettverket er formelt avslutta.

Første samling

Første samling hadde hovudfokus på dei to intervensjonane i Gode pasientforløp: Heilhetleg pasientforløp (HPH) og retningsendringa « Kva er viktig for deg?». I tillegg var det innlegg om endringsleiing, kvalitetsforbetring og korleis involvere og informere brukarar, tilsette og leiarar. Les meir om første samling her:

<https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/laringsnettverk-og-samlinger/forste-samling-i-sogn-og-fjordane/>

Andre samling

Andre samling hadde oppstart på årets «Kva er viktig for deg?» – dag og samlinga starta derfor med eit «Kva er viktig for deg? «- webinar. Vidare hadde samlinga fokus på målingar og målpunkt, og hadde innlegg og erfaringsdeling frå både kommunar og helseføretak. Les meir om andre samling her:

<https://ushtsognogfjordane.no/tenester/satsingsomrade/gode-pasientforlop/andre-samling/>

Tredje samling

Tredje samling var den første fysiske samlinga vi hadde, og den var lagt til Skei på Jølster. Første dagen denne samlinga var også kommunalsjefane og sjukehusdirektørane invitert til å delta. Samlinga hadde fokus på etisk refleksjon både hos leiarar og tilsette, det var også innlegg om status for samhandling i regionen. Deltakarane reflekterte over kva som skal til for å få til god samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

<https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/laringsnettverk-og-samlinger/kjekt-a-endelig-samles-i-sogn-og-fjordane/>

Fjerde samling

Siste samling i læringsnettverket vart arrangert i Loen. Fokuset her var vegen vidare og korleis få til kontinuerleg arbeid med Gode pasientforløp sjølv etter at læringsnettverket er slutt. Fleire av teama frå kommunane la fram korleis dei har arbeida med Gode pasientforløp i sin kommune, og to team frå Helse Førde fortalte om sitt arbeid.

<https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/laringsnettverk-og-samlinger/opploftende-fjerde-samling-i-sogn-og-fjordane/>

Midlar frå statsforvaltaren

Kommunane fekk tildelt 300 000,- frå statsforvaltaren i 2021.

Desse midlane skal dekke kostnader tilknytt læringsnettverket for kommunale deltakarar.

Midlane har vorte brukt til deltaking og opphald for kommunale deltakarar på samling 3 og 4. Om lag 70 deltakar frå 12 kommunar deltok på begge desse samlingane, og er dekkta utgifter for.

Resterande midlar som står att vert nytta av USHT til å følgje opp arbeidet og arrangere arbeidssamlingar med dei kommunale teama i tida framover.

4.3 Rettleiar for samarbeidsavtalar

Helsedirektoratet fekk i 2020 eit oppdrag frå departement å revidere rettleiaren om samarbeidsavtalar. Dette arbeidet skulle vore ferdig i 2021 men vart ikkje ferdig før sommaren 2022. Rettleiaren vart sendt på intern høyring i HDIR hausten 2022 før den vart utsendt til ekstern høyring desember 2022.

Som samhandlingskoordinator vart eg oppnemnt av KS sentralt, som ein av kommunane sine representantar inn i dette arbeidet. Undervegs i arbeidet har helsedirektoratet invitert til innspelsmøter der kommunane og helseføretaka har hatt moglegheit til å komme med kommentarar og innspel til arbeidet.

I samband med nasjonal helse og sjukehusplan kom det eit nytt lovkrav i lov om helse og omsorgstenester. Lovendringa består av eit ekstra punkt under kva kommunar og spesialisthelsetenestene skal skrive samarbeidsavtale rundt. Lovendringa handlar om at kommunane og spesialisthelsetenesta skal saman drive betre felles planlegging. Dette er eit punkt som vil krevje arbeid med involvering av kvarandre under planarbeid, og er noko kommunane og Helse Førde vil måtte jobbe med i åra framover.

Rettleiaren finn de: [HER](#)

5.0 Konferansar 2022

Etter to år med pandemi, var det endeleg mogleg å arrangere nokre større samlingspunkt i 2022.

5.1 Samhandlingskonferansen

Fant stad på Scandic Sunnfjord hotell 1 og 2 november.

Målgruppa for denne konferansen er overordna politisk og administrativ leiing frå kommunane, Helse Førde og HVL. Det var god deltaking med om lag 170 påmelde deltok på felles fagutvikling i arbeidet med helsefellesskap. Overordna tema for dagen var frå part til partner- saman står vi sterkare.

Dag ein fekk ein informasjon om overordna føringar og framtidias utfordringar kring kompetanse og rekruttering frå helsedirektoratet, statsforvaltar, KS, HVL, kommunane og Helse Førde, før ein gjekk over på meir faglege innlegg dag 2 med nasjonale, regionale og lokale prosjekt og utviklingsarbeid.



Foto: John Eirik Arnfinsen Sunnfjord kommune.

5.2 Erfaringskonferansen for psykisk helse og rus tenester

11 og 12 mai vart det for første gong arrangert erfaringskonferanse innan psykisk helse og rusarbeid for tilsette i kommunane og Helse Førde. Konferansen hadde som målsetting å sette søkelys på dei områda som helsefellesskapet skal samarbeide endå tettare rundt i åra framover. Alle deltakarar fekk høve til å påverke framtidig satsing innanfor psykisk helse og rusfeltet, samt å bygge viktige relasjonar og nettverk på tvers av organisasjonane. Konferansen hadde om lag 120 deltakarar og målgruppa var tilsette som jobbar innanfor dette samhandlingsfeltet, leiarar og brukarorganisasjonar.

Informasjon om konferansen finn de: [HER](#)

6.0 Avsluttande ord, og vidare arbeid 2023

Årsmeldinga peikar på dei store linjene i arbeidet mellom kommunane og Helse Førde, i tillegg pågår det til ei kvar tid mykje anna arbeid. Eg vil nytte høvet i avslutninga til å minne på at det er gjort revisjon av prosedyra for følgjepersonell frå kommune til sjukehus, det er skilnad mellom kommunane på bruken av denne så ei påminning tenkjer eg kan være nyttig.

De finn prosedyra [HER](#).

Det er laga ein portal for legar i spesialisering som treng sjukehuspraksis, her kan den enkelte legge inn ynskjer og vil få opp varsel når noko vert ledig. Legg ved lenkjer til denne portalen: [HER](#)

[Video ALIS portalen](#)

Fortløpande informasjon om kva som rører seg innan samhandling, kan de lese i samhandlingsnytt som de finn [HER](#)

Og frå nasjonal nivå vert det laga nyhendebrev med informasjon og erfaringsdeling frå alle helsefelleskap [HER](#)

Gjennom 2023 skal vi fortsette det gode arbeidet i Sogn og Fjordane helsefelleskap. Vi må saman gjere alvor av prioriteringane som er peika på i strategidokumentet satsingane i handlingsplanen, og jobbe tett saman for å nå felles mål og ei endå betre felles helseteneste.

Eg vil nytte høvet til å takke alle for det gode samarbeidet gjennom 2022, og gler meg til eit nytt år saman med dykk!

Med venleg helsing

Elin Sørbotten

Interkommunal samhandlingskoordinator

Tlf: +47 404 12 850

e-post: elin.sorbotten@sunnfjord.kommune.no

Foto: John Eirik Anfinsen

